



AURLAND KOMMUNE

Retningslinjer for SORG- OG KRISETEAMET

Yter bistand ved:

- *uventede dødsfall*
 - *ulykker*
 - *sjølvmoedsforsøk*
 - *sjølvmoed*
 - *alvorlege skadar*

RETNINGSLINER FOR SORG- OG KRISETEAMET

INNHALD

SORG- OG KRISETEAMET SI VERKSEMD.....	Side 3
Bakgrunn.....	Side 3
Oppgaver.....	Side 3
Kompetanse.....	Side 3
Utvikling av teamet sitt arbeid.....	Side 3
Deltakarar.....	Side 4
Andre aktuelle deltakarar.....	Side 4
Teieplikt.....	Side 4
Ressursar.....	Side 4
NÅR KRISA RAMMAR.....	Side 5
Etablering.....	Side 5
Orientering til kommunedirektør.....	Side 5
Informasjon.....	Side 5
Rapportering.....	Side 5
Oppfølging.....	Side 5

REVISJON

Retningslinjer for sorg- og kriseteamet vert å revidere ved behov og minimum 1 gong pr. år.

RETNINGSLINER FOR SORG- OG KRISETEAMET

SORG- OG KRISETEAMET SI VERKSEMD**BAKGRUNN**

Bakgrunnen for ein eigen plan for eit kommunalt sorg- og kriseteam team er å sikre einskildindivid, pårørande og andre naudsynt kvalifisert bistand når det oppstår ei krise. Sorg- og kriseteamet samordnar tiltak i ei krise og verkar støttande i aktuelle situasjonar der teamet vert kopla inn. Teamet kan vere sentralt i etablering av formell debriefing, etter t.d. større ulukker.

Sorg- og kriseteamet er ikkje eit behandlingsteam, men eit team som sikrar bistand og organiserer ulike tiltak.

Teamet skal og sikra at dei som har behov for bistand i ein krisesituasjon, vert følgde opp i tida etter at krisa sin akutte fase er over. Denne bistanden vert gjeve i den grad det er ynskjeleg og vert vurdert som naudsynt.

Teamet skal og avdekka dei informasjonsbehova som eksisterer og bidra til opplysningsarbeid.

OPPGÅVER

Sorg- og kriseteamet er ei disponibel beredskapsgruppe for kriser som t.d.:

- Uventa dødsfall
- Ulukker
- Sjølvmordsforsøk
- Sjølvmord
- Alvorlege skadar

KOMPETANSE

Sorg- og kriseteamet representerer fleire instansar med ulik fagkompetanse i høve krise- og katastrofearbeid. Teamet skal til ei kvar tid vera så fagleg oppdatert som mogeleg, m.a. gjennom deltaking i kurs/opplæring. Det er RVTS som held kriseteamskule, medlemmar må avtale deltaking på kurs med sin leiar.

UTVIKLING AV TEAMET SITT ARBEID

Sorg- og kriseteamet skal ha møte minst ein gong i året, og elles etter behov. Møta skal vere med vararepresentantar og andre aktuelle fagpersonar. Møta skal m.a. utvikla krisearbeidet i kommunen, samordne personale og evaluere teamet si verksemd. Teamet skal og bidra til å gjera framlegg om førebyggjande tiltak i kommunen.

RETNINGSLINER FOR SORG- OG KRISETEAMET

Leiar av teamet har ansvar for å kalla inn, og leie teamet sine evalueringsmøte.

DELTAKARAR Sorg og Kriseteam Aurland Kommune

Deltakarar i kommunen sitt sorg- og kriseteam:

NB! For kontakt kveld / helg / obs ring privat telefon.

FASTE MEDLEMAR					
	Namn	Tittel	Tlf. arbeid 08 – 15.30	Tlf. privat / Kveld / Helg	Mobil tlf.
Leiar	Unni Mette Flæthe	Psykiatrisk sjukepleiar	95 98 46 45	91 74 91 52	
Nestleiar	Inger Lise Dale	Sjukepleiar	45322973	91 71 05 32	
Medlem	Frøydis Gullbrå	Kommunelege	90959808	45633139	
Medlem		Prest		*Beredskaps- telefon prest 22881485	Monica Finden 95 86 25 20
Medlem	May Sigrun Winjum	Helsesjukepleiar	95 98 46 40	46 89 93 31	

*Beredskapstelefonen til prest er eit nummer som berre skal nyttast i krisetilfelle, og der prest må tilkallast utanom kontortid og i helgar. Beredskapsvakta går på omgang mellom prestane i Indre Sogn.

Vararepresentantar:

VARA TIL MEDLEMANE					
	Namn	Tittel	Tlf. arbeid 08 – 15.30	Tlf. privat Kveld / helg	Mobil tlf.
For: Frøydis Gullbrå		Turnuslege	95984643		
For: Inger Lise Dale	Ole Kristian Åsarmoen	Sjukepleiar		48272742	
For: andre medlemar	May Britt Martinsen	Vernepleiar	95 98 46 54	91 85 33 12	

Andre aktuelle deltakarar

Kriseteamet vert utvida med andre deltakarar ved behov. Dette kan t.d. vera representantar for kyrkja, påtalemakta, NAV, barnevernskonsulent, representantar for heimebaserte tenester, representantar frå skule, barnehage, PPT, BUP m.m.

Ved aktivering av kriseteam skal konstituert kommunalleiar Christine W. Naasen kontaktast tlf. 95984651/ 93422472

RETNINGSLINER FOR SORG- OG KRISETEAMET

TEIEPLIKT

Alle deltakarane i krisepsykiatrisk team er pålagde teieplikt i eigenskap av kvar einskild si stilling eller utdanning.

RESSURSAR

Krisepsykiatrisk team har mynde til å rekvirere representantar og vararepresentantar i teamet, og andre aktuelle fagfolk til oppdraga, på tvers av tenestoområda sine grensar. Rådmannen skal tidleg verte informert om ressursstrongen i kvart einskild oppdrag.

Kommuneleiar skal kontaktast ved behov for ytterlegare ressursinnsats (materiell m.m.) i kvart einskild oppdrag.

RETNINGSLINER FOR SORG- OG KRISETEAMET

I EIN KRISESITUASJON**ETABLERING**

Alle kan vende seg til representantane i sorg- og kriseteamet. Kvar førespurnad skal takast opp og drøftast med leiaren av teamet. Leiaren innkallar teamet etter behov. Deltakarane i teamet deler aktuelle oppgåver mellom seg og kallar inn naudsynte ressursar etter ei individuell vurdering.

Sorg- og kriseteamet blir etablert når leiar eller teamet sin nestleiar bestemmer det. I høve fråvere av leiar eller nestleiar tek den representanten som tek i mot meldinga over leiaransvaret.

ORIENTERING TIL KOMMUNALLEIAR

Leiar av det aktiverte teamet orienterer kommunalleiar snarast, om at teamet er etablert og klar til innsats.

INFORMASJON

Leiar for sorg- og kriseteamet som er aktivert har ansvar for å gje kommunalleiar og skadestadsleiar informasjon om etablering av teamet i ein krisesituasjon.

RAPPORTERING

Medlemane i sorg- og kriseteamet rapporterer på eige skjema etter at eit oppdrag er slutt. Alle rapportar blir leverte til leiar for teamet. Innkome skjema dannar grunnlag for krisesituasjonen sin sluttrapport.

Leiar for teamet lagar ein eigen sluttrapport. Rapporten vil m.a. innehalda sensitiv informasjon om sjølv oppdraget. Teamet si evaluering av oppdraget er og ein del av sluttrapporten. Sluttrapporten skal oppbevarast i eit eige arkiv. Arkivansvarleg er leiar for teamet og arkivet vert fysisk plassert på leiaren sin arbeidsplass.

Det skal vidare lagast ein eigen sluttrapport til kommunedirektør (eige skjema). Sluttrapporten til kommunedirektør vil innehalde informasjon om oppdraget si varigheit og andre administrative opplysningar. Sluttrapporten til kommunedirektør skal ikkje innehalda sensitive opplysningar.

SAM TALE/OPPFØLGING ETTER HENDINGAR

Den einskilde deltakaren i sorg- og kriseteamet har eit sjølvstendig ansvar for oppfølging av seg sjølv med tanke på å vurdere trongen for samtale/oppfølging etter avslutta oppdrag. Oppfølging av dei kriseramma etter avslutta oppdrag skal teamet kontakta etter ca. to til tre veker.

RETNINGSLINER FOR SORG- OG KRISETEAMET

3.8 VIKTIGE TELEFONNUMMER

Instansar	Forkorting	Telefon
• AKUTTFUNKSJONAR		
Akuttmedisinsk komm.sentral, Førde	AMK	113 Akuttnummer
Akuttmedisinsk avd. Førde		57 83 90 70
Hovudredningssentralen		51 51 70 00 Alarmnummer
Hovudredningssentralen - aksjonar		51 64 60 00 Aksjonar og anna
• LEGETENESTA		
Legekontoret, Aurland		57 63 29 99
Legevakt - Aurland		116117
• INSTITUSJON		
Aurland helsetun		Sjuk.h. 45327080. Rehab 45327090 Skjema 45327085
• HEIMESJUKEPLEIE		
Heimebasert omsorg		45327095. 45327096
• SJUKEHUS		
Førde sentralsjukehus		57 83 90 00
Lærdal sjukehus		57 64 00 00
Voss sjukehus		56 53 35 00
Haukeland universitetssykehus		05300
Giftinformasjonen		22 59 13 00
• SAMFUNNSOPPGÅVER		
Brann		110
Brannsjef Reinhardt Sørensen		95 98 46 04
Politi		02800 Akuttnummer 112
Kommunal driftseining – vakttelefon		95 98 46 00
Aurland energiverk		Dag: 57 63 20 80 Kveld: 57 63 20 88
Hafslund Eco Vannkraft as		57 63 24 00
FIG Aurland		91 71 05 29
• ANDRE		
Tannlege, Aurland		A: 57 63 34 02
Psykiatrisenter Lærdal kommune		A: 48288704
Kommunedirektøren i Aurland		95 98 46 33
Ordføraren i Aurland		48 19 36 28
Barnevern – Døgnvakt		
BUP – Sogndal v/ Tore Hågaard		90 21 34 81 P: 95 76 47 42

A = Arbeid D = Dag P = Privat M = Mobiltelefon K = Kveld P = Privat